

# **PROTOKOLL**

## Ryfylkefondet

**Møtedato:** 14.04.2020

**Utval:** Ryfylkefondet

**Møtestad:** Skypemøte

**Tid:** 12:00 – 14:00

**Til stades:** Asbjørn Birkeland, Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Irene Heng Lauvsnes, Stanley Wirak og Marianne Chesak

**Sekretær:** Geir Ims

## **SAKLISTE**

### **01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

Det vart reist spørsmål om styret var beslutningsdyktig/hadde dei naudsynte fullmakter sidan det ikkje ligg føre ein ferdig avtale som gjeld finansiering av fondet.

#### **VEDTAK**

Innkalling og saksliste blei godkjent. Med heimel i selskapets vedtekter har styret dei naudsynte fullmakter. Inntil ny avtale er på plass vil styrets nestleiar fungere som leiar. - samrøyistes

### **02/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 5.12.19**

Protokoll blei godkjent. - samrøyistes

### **03/20 ÅRSOPPGJER 2019**

#### **TILRÅDING**

Årsoppgjer vert godkjent slik det ligg føre.

#### **VEDTAK**

I samsvar med tilråding - samrøyistes

**04/20**

## **FESTIVALAR I RYFYLKE**

### **TILRÅDING**

Ryfylkefondet løyver kr. 510.000 til festivalar i 2020, fordelt slik vedlagde liste syner og utbetalast sjølv om arrangement må avlysast grunna offentlege restriksjonar knytt til Covid-19 epidemien.

- I drøftinga av saka blei det sett fram forslag om eit tillegg av Stanley Wirak;

« Styret i Ryfylkefondet forutsett at den einskilde arrangør gjer dei naudsynte tiltak slik at ein ikkje drar på seg unødige kostnader mot 3. part om og når ein ser at arrangementet ikkje kan gjennomførast»

### **VEDTAK**

Styret i Ryfylkefondet forutsett at den einskilde arrangør gjer dei naudsynte tiltak slik at ein ikkje drar på seg unødige kostnader mot 3. part om og når ein ser at arrangementet ikkje kan gjennomførast.

Ryfylkefondet løyver kr. 510.000 til festivalar i 2020, fordelt slik vedlagde liste syner og utbetalast sjølv om arrangement må avlysast grunna offentlege restriksjonar knytt til Covid-19 epidemien. - samrøystes

**05/20**

## **BLINK – LYSEBOTN OPP**

### **TILRÅDING**

Ryfylkefondet løyver kr. 200.000 til Lysebotn opp 2020. Løyvinga blir utbetalt uavhengig av Covid-19 restriksjonar på vilkår av at andre offentlege bidragsytarar gjer det same.

- Her vart ein samde om det same tillegg i vedtak som i Sak 04/20.

### **VEDTAK**

Styret i Ryfylkefondet forutsett at arrangør gjer dei naudsynte tiltak slik at ein ikkje drar på seg unødige kostnader mot 3. part om og når ein ser at arrangementet ikkje kan gjennomførast.

Ryfylkefondet løyver kr. 200.000 til Lysebotn opp 2020. Løyvinga blir utbetalt uavhengig av Covid-19 restriksjonar på vilkår av at andre offentlege bidragsytarar gjer det same.- samrøystes

**06/20**

## **ORIENTERINGS- OG DRØFTINGSAKER**

**a. Rekneskapsrapport pr. 29.02.20**

**b. Drøftingsnotat | Ryfylkefondet 2020-2024**  
**c. Søknader som ikke er handsama i påvente ny avtale og nye  
retningslinjer**

- Søknad om støtte til veteranbåt FREMAD II
- Rogaland Mållag kr. 30.000,-
- Hjelmeland kommune Hydrogenkonferanse kr. 10.000,-
- Øyvind Wigestrød bokprosjekt kr. 75.000,-
- Øyvind Wigestrød nynorsk antologi kr. 75.000,-
- Hovlandsnuten opp, ferdigstilling av Sagasti kr. 200.000,-
- Strand VGS E-Sport satsing kr. 600.000,-
- Ryfylke Næringshage Læring i næring søknadsbeløp ikke oppgitt, totalbudsjett kr. 614.000,-

**TILRÅDING**

Styret tek orienterings- og drøftingssaker til vitande

**VEDTAK**

Styret tek orienterings- og drøftingssaker til vitande og ber administrasjonen om oppfølging på følgjande:

- a. Gjennomgang og vurdering av tilbakeføring på gamle løyvingar til neste møte.  
Kopi av låneavtale med Stiftelsen Prekestolen.
- b. Forslag til vedtekter, ny avtale og organisering etter drøftinga i møtet.

Revisor får dokumenta til gjennomsyn og blir bedt om å sjå på moglege interessekonfliktar knytt til løyvingar frå fondet med skildring av korleis dette har blitt handsama og eventuelt bør handsamast i framtida. Det var semje om å følgja revisors anbefaling til formelt å legge fondet som ei avdeling i Ryfylke IKS.

**Utkast til nye vedtekter for Ryfylkefondet**

(Sendes revisor for kvalitetssikring/tilpasning)

**§ 1 Heimel**

Ryfylkefondet har heimel i vedtak av Fylkestinget i Rogaland sak , Suldal kommunestyre sak , Strand kommunestyre sak , Hjelmeland kommunestyre sak , Sandnes kommunestyre sak og Sauda kommunestyre sak

**§ 2 Kapital og avkastning**

Fondet sin kapital vert skapt ved overføring av konsesjonskraftverdi frå partane som nemt i §1 etter eigen avtale inngått mellom partane.

Avkastning av fondet skjer gjennom plassering av kapital på renteberande konto i bank.

### § 3 Føremål

Fondsmidlane skal nyttast til utviklingstiltak for å sikra og auka busetting i Ryfylkeregionen. Midlane skal primært nyttast til infrastruktur og næringsutvikling i regionen.

Med Ryfylkeregionen meinast primært kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand samt områder i Sandnes kommune som ligger mot Høgsfjorden og Lysefjorden.

Fondet kan og løyva midler til felles prosjekt som Ryfylkekommunane har med Rogaland fylkeskommune og andre kommunar.

Styret kan fastsetja nærmere retningslinjer for prioritering av tiltak.

### § 4 Tildeling av midlar

Fondsmidlar kan etter søknad tildelast som tilskot og/eller lån. Kommunar, organisasjonar og verksemder enkeltvis eller i saman kan søkja om midlar. Fondsstyret avgjer til ei kvar tid kor stor del av fondet som skal nyttast som tilskot/lån.

### § 5 Fondsstyre

Fondet skal forvaltast av eit styre på 6 medlemmar som er: Fylkesordføraren, ordførarane i Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Sandnes. Varaordførarane for dei respektive, er personlege varamedlemer. Styret vel sjølv leiari og nestleiar.

Leiaren kaller inn til møte når han finn det naudsint eller når minst 2 av styremedlemmene krev det.

Styret fastset sjølv retningslinjer for sitt arbeid, som og gjeld sekretærfunksjonen (dagleg leiing) for fondet.

Om inhabilitet gjeld § 40 i kommunelova. (Forvaltningslova § 2- revisor avsjekk) ?

### § 6 Utgifter m.v.

Driftsutgifter for fondet vert dekka av avkastninga av fondet

### § 7 Rekneskap, revisjon, m.v.

Rekneskapslova gjeld for rekneskapsføringa. (er det rett, revisor avsjekk)

Årsmelding og rekneskap skal avgjevast til avtalepartane for fondet.

### § 8 Oppløysing

Ved oppløysing av fondet vert netto fondsmidlar å fordela mellom partane etter ein forholdsmessig andel basert på innskoten kapital.

#### § 9 Endring av vedtekten

Vedtekten for fondet kan ikkje endrast utan samtykke for samtlege av avtalepartane.

## **Utkast til nye avtale**

Mellan Rogaland fylkeskommune, Sauda kommune, Suldal kommune, Hjelmeland kommune, Strand kommune og Sandnes kommune (seinare kalla partane) er det inngått følgjande

### **AVTALE**

1. Partane vil i medhald av vedtak i fylkestinget i Rogaland i møte xx i sak xx, Sauda kommunestyre i møte xx i sak xx, Suldal kommunestyre i møte xx i sak xx, Hjelmeland kommunestyre i møte xx i sak xx, Strand kommunestyre i møte xx i sak xx og Sandnes kommunestyre i møte xx i sak xx og nærmere fastsett i denne avtalen, overføra deler av konsesjonskraftgevinsten til eit tiltaksfond for Ryfylke, kalla Ryfylcefondet.
2. Samla konsesjonskraft som tilfell partane frå kraftanlegga Saudefaldene, Ulla-Førre, Breiava kraftverk, Lysebotn kraftverk, Tjoden kraftverk, Flørli kraftverk, og Jøssang kraftverk \*, er omfatta av avtalen. Rogaland fylkeskommune bidrar med gevisten for 10 % av samla konsesjonskraftkvantum av nemde anlegg, og kommunane med 10 % av eige konsesjonskraftkvantum i medald av dette punktet.

\*) Hjelmeland kraftverk, Sira Kvina kraftverk, Røldal og Suldal kraft var opprinnelig spelt inn til Rogaland fylkeskommune i handsaminga før vedtak i Fylkestinget.
3. Partane overfører verdien av fastsett kraftkvanta i medald av pkt. 2 etter den pris som til ei kvar tid tilsvarer differansen mellom kjøps- og salspris som vert omsett i Rogaland fylkeskommune, referert aktuelle kraftanlegg. Rogaland fylkeskommune skal innan utgangen av januar, eller snarast mogleg etter årsskiftet, rapportere oppnådd verdi for konsesjonskrafta for føregåande år.
4. Midlane vert overført Ryfylcefondet med nærmere avtalt delbeløp (ca 50 % av forventa årsbeløp) innan 1. juli. Resterande årsbeløp vert overført innan 1. februar påfølgjande år med endeleg avrekning.
5. Midlane skal forvaltast etter fastsette vedtekter for fondet. Desse skal godkjennast av partane, og følgjer som vedlegg til denne avtalen.

6. Avtalen gjeld frå 1.1.2020 t.o.m. 31.12.2024, og kan ikkje seiast opp i avtaleperioden. Partane skal innan utgangen av 2024 behandla spørsmål om fornying av avtalen.
7. Tvist om avtalen skal søkjast løyst mellom partane med Fylkesmannen i Rogaland som oppmann.

Avtalen er skriven i 6 eksemplarar, eit til kvar av partane.

Stavanger,xx

Fylkesordførar i Rogaland

Ordførar i Sauda

Ordførar i Suldal

Ordførar i Hjelmeland

Ordførar i Strand kommune

Ordførar i Sandnes kommune

**07/20**

**YMSÉ**

Neste møte blir den 11. juni kl. 09:00 – 11:00 på Skype

**Geir Ims**